

Rettleiar foreldreaktiv tilvenning MORK BARNEHAGE

FØR OPPSTART

1. **Personalmøte i forkant med informasjon til personale om tilknytning- rutine og foreldreaktiv tilvenning i Mork barnehage.** Syne til relevant forskning og faglitteratur. Ansvar: COS- sertifisert personale
2. Bli kjend veke:

Ei veke før sommaren har barnehagen til bod til alle nye barn og foreldre om **Bli kjend veke med besøksdagar i fem dagar frå klokka 9.00-14.00**

Denne veka flyttar vi barna som allereie går i barnehagen over til den avdelinga ein skal byrje på til hausten. Noko personale frå avdelinga ein går på fylgjer med og ein får også møte personale som skal gå på denne avdelinga frå hausten.

Denne veka har foreldra heilt og fullt ansvar for barnet sitt, men er med i avdelinga sine daglege gjeremål (stille barnet sitt, legge barnet sitt, dekke på bordet, hente mat i kjøla, ta ut av oppvaskmaskin mm) og slik etablerar god relasjon til personale og får erfaringar med korleis vi arbeider i barnehagen og korleis barnets kvardag vert frå hausten. No vert sjølv sagt denne veka litt annleis enn ein «vanleg» barnehagekvardag, men foreldre får innsyn i kva rammebetingelsar ein har i barnehagen og korleis det pedagogisk arbeidet + kvardagsaktivitetane som måltid, stell mm. vert utført.

MÅL:

- Informasjon til foreldre og trygge foreldre for korleis barnet får det i barnehagen gjennom aktiv deltaking i kvardagen i barnehagen.
- Etablere relasjonar barn- barn, barn- vaksne, vaksne- vaksne.

Å verte kjend

Mors-Nytt
23.08.11



I Mork barnehage har hovudfokus den siste tida vore å verte kjend med nye barn og foreldre som har byrja i barnehagen, og dei skal verte kjende med oss. Det er også ei tid då ein må tenkje på og ta vare på dei barna som allereie går i barnehagen. Også dei skal verte kjende med nye barn og vaksne.

Mange brukar omgrepet tilvenning når barnet skal byrje i barnehage. Når eg høyrer omgrepet tilvenning får eg assosiasjonar til omgrep som tilpassing der det er noko som skal formast inn i eit eller anna system.

Mange vil kanskje tenke det er barnet som skal tilpasse seg barnehagen, men vi i Mork barnehage fokuserer like mykje på det motsette: at foreldre og barn skal verte kjende med oss. Ein skal altså tilpasse seg kvarandre.

Alt relasjonsarbeid bør byggje på gjensidig tilpassing der ulike barn sine individuelle behov er teke vare på. Difor er foreldrekontakt og kommunikasjon mellom oss vaksne utruleg viktig

Kva er viktig for foreldre når barnet skal byrje i barnehagen?

Mor til vesle Live (bilete) seier:

- personalet må sjå barnet mitt sitt behov.
- barnet mitt bør ha ein person som ho held seg til den første tida.
- at eg må få den informasjon og kommunikasjon eg treng.
- at barnet mitt må få vere i ei lita gruppe den første tida fordi det gjev oversikt og tryggleik.

• at barnet mitt må få møte eit personale med rette eigenskapar. Det må vere gode vaksne som er genuint interessert i barn.

Føresette inn i barnehagen? Ja takk!

Føresette har ei viktig rolle når barnet skal etablere ein trygg relasjon til ein ny vaksen. Det er nyttig for personalet å sjå barnet saman med sine føresette. Det gjev informasjon om barnet og måten dei kommuniserer på. Det er også viktig at foreldre hjelp personalet til å forstå barnet, og måten det formidlar seg på. Når ein skal gjere eit barn kjend i barnehagen skal ein sjølv setje seg inn i barnet sin stad. Korleis hadde eg likt å bli møtt om eg skulle byrje på ein ny arbeidsplass?

"Ver mot andre slik du vil dei skal vere mot deg."

Den gylne regelen handlar om oss menneske.

I Mork barnehage handlar han også om små menneske - born.

Nina Vedeld Telseth,
styrar i Mork barnehage

3. Denne veka har ein **oppstartssamtale med foreldre** og det er her særskilt viktig at barnehagen får all den informasjon ein treng om barnet-

Vi ynskjer at både mor og far er med til denne samtalen som er det første møte og set standard for vidare samarbeid kring vårt felles arbeid til barnets beste- her er det forventat at både mor og far kan vere med og bidra.

I vekene før sommarferien har barnehagen også samtale/ informert samtykke informasjon mellom pedagogar om dei barna som skal byte over til anna avdeling eller barnehage- ver særskilde behov bør også foreldre vere med på denne overføringssamtalen.

4. **Digitalt foreldremøte for nye foreldre med styrar og COS sertifisert personale**

Styrar sender ut innkalling til digitalt møte og går gjennom barnehagens rutiner for foreldreaktiv tilvenning, foreldresamtalar og foreldresamarbeidet.

Understøttar dette i forskning og relevant tryggleiks og relasjonsteori (Drugli) Det er høve for innspel og tankar frå nye foreldre.

MÅL:

- **At både personale og foreldre forstår betydning av foreldreaktiv bli kjend tid og at gode relasjonar og tryggleik hjå personale og foreldre må ligge i botn for god at barn får ein god og trygg overgang frå heim til barnehage**

20 LYS DAG 18. JUNI 2019 **MOR**

Tilknytning i barnehagen

- Gode erfaringar verdt å dele frå Mork barnehage

«Eg går inn døra til avdeling Solsikka klokka er 1030 Det er dekt til lunsj på 2 rom. På det eine bordet sit Ragnhild pedagogisk leiar, saman med 5 foreldre med sine barn som er rundt ett år gamle. Eg får setje meg ned ved det andre bordet. Så kjekt! Barna kjenner meg att sidan sist og eg får halde nokre av dei i fanget! Dei smiler og praten mellom foreldre, barn og samspel i måltidssituasjonen er godt i gang. Kva skal vi synte for maten? I dag snakkar vi om undersøkinga kring smoothie som var på TV for nokre dagar sidan. Ja, kva er sunt å ete for dei små? Er det så mykje sukker i frukt? Vi drøftar også sovetid, og eg får nemne kor viktig det er at vi vaksne tilpassar oss barnets sine behov og søvnmønster. Eg får også trygga foreldra på at dette vil vi gjere når barnet byrjar til hausten i barnehagen. Sønn og kvile er viktig, og vi drøftar ulike erfaringar med kvarandre. Foreldra har allereie vore på avdelinga sidan klokka 0930 og i dag er avdelinga igjen «deira» fram til 14.30. Her steller dei barnet sitt, snakkar med personale som skal vere på avdelinga til hausten. Foreldra legg barnet i vogna, er der når barnet vaknar, gir mat og leiker ilag, samstundes som ein har høve til å fortelje og vise oss i barnehagen korleis ein brukar å gjere dei ulike rutinane heime; kva er barnet vandt med heimefrå? I tillegg får foreldre og barn møte dei andre foreldra og barna som skal

gå på avdelinga til neste år. Ja, foreldra «driv avdelinga» og alle vert kjende med fysisk miljø og rutinar.

Mork barnehage har siste 2 månadane hatt ein dag i veka der barna i kjernetida har besøkt den avdelinga ein skal vere på til hausten.

Dette betyr i praksis at dei største barna som skal byrje på skulen er på tur også kvar torsdag, dei nest eldste barna inntek avdelinga deira og er der saman med dei vaksne som skal vere på avdelinga til neste år. På den mellomste avdelinga; tyttebærtua, er barna frå Solsikka kome på besøk. Dette medfører at avdeling Solsikka står tom og er disponibel for alle dei ti nye 1-åringane som skal byrje her til hausten.

Rammeplan frå 2017 har eit eige kapittel som heiter Overgangar. Her står det bl.a.:

« Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn.»

Eg spør foreldra om dei synest det er viktig å bruke god tid på overgang frå heim til barnehage. Foreldra som er på Solsikka denne torsdagen nikkar og seier at over-

gang frå heim til barnehagen er faktisk den viktigaste overgangen som ein må trygge for barnet.

Foreldra seier meg at no har dei blitt kjend med dei andre barna, foreldra og personale. Ein har etablert og styrka relasjonar gjennom arbeid, lek, samtale kring søvn, sunn kost og gjennom dei ulike viktige tema og erfaringar ein er oppatt av

May Britt Drugli (Professor RKBU Midt-Norge - Regionalt kunnskapssenter for barn og unge - psykisk helse og barnevern) har fleire gongar vore på besøk i Volda og hatt fokus på dei yngste

barna i barnehagen og korleis vi kan arbeide for å verkeleg kunne sjå barn og forebygge for ei sterk psykisk helse. Drugli seier i sin blogg (<https://blog.medisin.ntnu.no/god-overgang-fra-hjem-til-barnehage-for-ettaringen/>)

« Et lite barn kan ikke forbedres på det som skal skje gjennom verbale forklaringer, og overgangen til barnehagen vil derfor kunne oppleves som relativt krevende. Ettåringen må bruke mye energi på å bli kjent med nye mennesker, prøve å gjøre seg forstått overfor noen som ikke umiddelbart vet hva barnets ulike uttrykk,

lyder og bevegelser betyr, samt på å innordne seg etter nye rutiner ved måltider, stell, legging, lek og så videre. I tillegg må ettåringen lære seg å leve med savnet av foreldrene. I denne nye situasjonen er det svært viktig at barna raskt erfarer at barnehagen også er et godt sted å være, og her kan både foreldre og de ansatte i barnehagen gjøre mye.»

Med ynskje om god tilknytning for alle barn, foreldre og personale i barnehagar no og til hausten.

Helsing styrar
Mork barnehage
Nina Vedeld Telseth



* Ein del av barna har lagt seg, men her er nokre av foreldra med barn som skal byrje på Solsikka til hausten.

ETTER OPPSTART

Dag 1: Du og barnet er saman heile tida og du har alt ansvar for barnet

- Oppmøtetid for første dag er avtalt i velkomstbrevet.
- Barnet kjem til barnehagen saman med ein av dykk foreldre (det er ikke plass til begge foreldre). De vert tatt imot av kontaktpersonen som har særleg ansvar for dykk i oppstartsdagane..
- Di oppgåve er å være sammen med barnet ditt hele tiden. La barnet utforske omgjevnadane i sitt eige tempo, der du er med som støtte og oppmuntring. Bli kjend med dei andre foreldra og de ansatte. Kontaktpersonen vil være saman med dykk og har som oppgåve å bli kjend med deg og barnet.
- Du hjelper barnet ditt ved måltidet, skifter bleie, og legg det når det skal sove. Kontaktpersonen er med saman med dykk og lærer kva barnet er van med i desse situasjonene. Kontaktpersonen vil fortelje og vise dykk korleis de organiserer, måltid, stell osv. Spør! 🖥️
- Første dag bør være en kort dag, då det blir mange inntrykka er mange og gjer barnet sliten. Avslutt derfor «mens leiken er god».
- Før dagen avsluttes gjer de i samråd med kontaktperson og barnehagelærer avtale om oppmøtetid for dag 2.

Dag 2: Du er saman med barnet ditt heile tida og har fortsatt alt ansvar for barnet

- Oppmøtetid: Denne dagen vil være lik dag 1, men oppholdstiden vil være noe lengre.
- På samme måte som på dag 1, vert de tatt i mot av familiens kontaktperson i barnehagen.
- Di oppgåve er å være saman med barnet ditt hele tida, både i leik og i omsorgsoppgaver som måltid og stell. Kontaktpersonen vil være med saman med dykk, og vil gjennom leik bli kjend med barnet. Du veit korleis ditt barn uttrykker sine ønsker og behov, og er derfor en viktig støtte både for barnet og kontaktpersonen når det gjeld å “omsette” det barnet kommuniserer.
- Delta gjerne i praktiske gjeremål på avdelinga.
- Før de avsluttar dagen vil de saman med kontaktpersonen ta en kort prat om korleis dagen har vore. De legg også plan for neste dag og avtalar oppmøtetid.

Dag 3: Ein dag der du er litt mindre aktiv enn dag 1 og 2.

Kontaktpersonen tek over nokre omsorgsoppgåver med barnet, men du er saman med barnet hele tiden.

- Oppmøtetid: De blir tatt imot av familiens kontaktperson.
- På dag tre vil dei fleste barn være klar for at du som forelder er mer tilbaketrukket enn du var de første to dagane. Nokre barn vil trenge meir tid før du kan trekke deg litt tilbake. Her er det viktig å følge signala barnet uttrykker og behov.
- Dersom barnet beveger seg bort fra deg når det leker, bør du være i ro på den plassen barnet forlot deg, slik at barnet ser deg og kan finne deg igjen når det har behov for di støtte og søker deg. Kontaktpersonen eller andre ansatte tek ansvar for barnet når det beveger seg bort fra deg.
- Dersom barnet er klar for det kan du overlate noko ansvar (t.d. måltid og stell) til kontaktpersonen, men du er likevel være saman med kontaktpersonen og barnet hele tida. Det er fint for barnet å erfare at du på denne måten signaliserer at det er trygt at kontaktpersonen gjer omsorgsoppgaver overfor barnet. Du vil også kunne hjelpe kontaktpersonen med å forstå hva barnet uttrykker, samtidig som du raskt kan ta over omsorga for barnet dersom barnet blir utilpass.
- Delta gjerne i praktiske gjøremål på avdelingen dersom du ynsker det.
- Før de avsluttar dagen vil de saman med kontaktpersonen ta en kort prat om korleis dagen har vore. Det er viktig at du kommuniserer med kontaktpersonen hva du som forelder tenker og føler omkring barnet sin oppstart i barnehagen. Mange foreldre kan kjenne på usikkerhet eller bekymring i denne fasen, og det er da fint å drøfte dette ope med kontaktpersonen. De avtalar oppmøtetid for neste dag før de tek avskjed med barnehagen.

Dag 3: Du er i barnehagen heile dagen, men overlet meir ansvar for barnet til kontaktpersonen.

- Du og barnet blir tatt imot av kontaktperson.
- Dersom det ser ut til at barnet er i ferd med å finne seg til rette i barnehagen, kan du halde deg meir i bakgrunnen og overlate meir av ansvaret for barnet til kontaktpersonen. Du bør være på avdelingen, men kan for eksempel halde på med en annen aktivitet i samme rom mens ansatte og barn er sammen. Då vil barnet kunne gjere seg betre kjend med de ansatte, samtidig som du er der som ein tryggleik for barnet og kan trå til ved behov.
- Før der avsluttar dagen vil de saman med kontaktpersonen ta ein kort prat om korleis dagen har vore. Dere legg ein plan for neste dag og avtaler oppmøtetid.

Dag 5: Kontaktpersonen tek det meste av ansvaret for barnet. Samtale om oppstarten på slutten av dagen.

- Kontaktpersonen tek imot dykk som vanlig.
- Du er saman med barnet frå morgonen, men held deg bevisst i bakgrunnen slik at barnet vert motivert til mest mulig kontakt med kontaktpersonen (eller andre ansatte).
- Dersom det er greit for barnet, kan du overlata alle rutiner med barnet til kontaktpersonen denne dagen, også når du er til stede.
- Refleksjon om oppstarten i barnehage når barnet sover (eller er med), i høve innhald i «Den første samtalen»
- Ved dagens slutt vil de saman med kontaktperson oppsummere tilvenningsdagene med tanke på korleis barnet og de foreldre har hatt det. De vil saman legge ein plan for dagene fremover.

NB. Barn er forskjellige og nokre vil trenge meir enn desse 5 tilvenningsdagane før dei er klar for å være i barnehagen utan sine foreldre/primære omsorgspersonar. Det er viktig å være sensitiv på det barnet uttrykkjer og gi det meir tid til å bli trygg dersom det er behov for det. Barnehagen legg til rette dersom det er behov for fleire tilvenningsdagar.